



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Akersgata 41
0158 OSLO

Dykkar ref
John Petter Løvstad

Vår ref
18/740-

Dato
04. juli 2018

Behov for strakstiltak som følgje av tørke


Eg syner til dykkar brev dagsett 20. juni 2018. De ber om strakstiltak innan avlings-
sviktordninga, meir føreseielegheit for bonden og at inntekter bonden får ved sal av raigras
ikkje skal gå til fråtrekk frå avlingsviktberrekninga.

Landbruksdirektoratet har i samband med den situasjonen som har oppstått nyleg gått ut
med informasjon på sine nettsider, både om produksjonstilskotsregelverket og
avlingsskaderegelverket. Dersom det er etablert ein ny kultur i løpet av vekstsesongen kan
føretaket sjølv velja kva for kultur ein søker tilskot for. Det vil ikkje vera naudsynt å søkja
dispensasjon frå kravet om vanleg jordbruksproduksjon ved tørke, så lenge føretaket har
utført dei normale arbeidsoppgåvene og elles hatt ei forsvarleg god drift.

Bønder som har kornareal som er stadfesta tapt på grunn av tørka, og har sådd korn på nytt
eller sådd ein annan vekst, kan søkje om erstatning for avlingssvikt i kornproduksjon. God
dokumentasjon er avgjerande.

Bonden har ei plikt etter erstatningsreglane til å gjera det som er mogleg og rimeleg for å
avgrense det økonomiske tapet. Dette kan gjerast gjennom ny såing av korn eller å så ein
annan vekst, som raigras. Erstatninga er finansiert med jordbruksavtalemidlar, og avgrensing
av tap bidreg til å halde kostnadane ved ordninga nede. Jordbruksorganisasjonane har ikkje
fremja forslag om å endre regelverket i år.

Med helsing


Jon Georg Dale